



Melding om vedtak

BEDRE HUS AS
Nedre Miningsskar 6

3864-RAULAND

Delegert sak nr. 19/79

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KJELLNE	2019/1053	8296/2019	151/652	05.04.2019

151/652 - Eitt-trinns søknad - fritidsbustad

Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (plb) § 20-3.

TILTAK: Nye bygg og anlegg – fritidsbustad
TILTAKETS ADRESSE: Løypevegen, 3864 Rauland
EIGEDOM: Gnr. 151 Bnr. 652 i Vinje kommune
ANSVARLEG SØKJAR: BEDRE HUS AS
TILTAKSHAVAR: BEDRE HUS AS
BRA (NS 3940): Kjellar 60,9m² + 1 et. 67,1m² + 2 et. 11,9m² = 139,9m²
BYA (NS 3940): 90,7m²

VEDTAK

1. Bakgrunn/utgreiing av tiltaket er gjeve jf. pkt.1 med underpunkt i saksutgreiinga.
2. Ansvarsrett og godkjenning av føretak jf. pbl § 23-1 i samband med tiltaket jf. pkt. 2 med underpunkt i saksutgreiinga.
3. Søknaden vert godkjent på fylgjande vilkår jf. pkt. 3 med underpunkt i saksutgreiinga.

Særskilte vilkår som ikkje er oppgjeve i pkt. 3 i saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

1. Bakgrunn og beskriving

Referanse:

1.1 Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20130001 BL2 Vierli.

Grunnlag for handsaminga:

1.3 Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 25.03.2019. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 15.03.2019, jf. saksmappenr. (jnr.) 2019/1053-1 med vedlegg.

1.4 Tiltaket gjeld ny frittstående fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

1.5 Naboar er varsla 11.03.2019.

Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Det har heller ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

2. Ansvarsrett og godkjenning

2.1 Oversikt over ansvarlege føretak som har erklæra ansvar, vedlegg nr. 12 - gjennomføringsplan.

Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og pbl.

2.2 Erklæring om ansvarsrett frå føretak, vedlegg nr. 13 - 15.

Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og pbl.

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

	Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søkar	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
SØK	Ansvarleg søkar	1	Bedre Hus AS	Orgnr: 916 122 616	
PRO	Bygningsmessige arbeider	1	Bedre Hus AS	Orgnr: 916 122 616	
PRO	Grunnarbeid og landskapsutforming	1	Telemark Bygg og Anlegg AS	Orgnr: 916 298 358	
PRO	Sanitær,- varme og slukke.instalaj.	1	Dalen Rør og VVS	Orgnr: 914 904 390	

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning
Ansvarleg søkar og ansvarleg prosjekterande sitt ansvar er gjeve i Forskrift om byggesak §12-2 og §12-3

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

	Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
UTF	Grunnarbeid og landskapsutforming	1	Telemark Bygg og Anlegg AS	Orgnr: 916 298 258	S
UTF	Bygningsmessige arbeider	1	Bedre Hus AS	Orgnr: 916 122 616	

UTF	Sanitær,- varme og slukke.instalasjon	1	Dalen Rør og VVS	Orgnr: 914 904 390
-----	---------------------------------------	---	------------------	--------------------

UTF = Ansvarleg utførande

S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning

Ansvarleg utførande sitt ansvar er gjeve i Forskrift om byggesak §12-4

3. Vilkår

- 3.1 Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10).
- 3.2 Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.
- 3.3 Taktekking skal være torv.
- 3.4 Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.
- 3.5 Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.
Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).
- 3.6 Tilknytingsavgift (eingongsavgift) for vatn og kloakk blir rekna etter gjeldande satsar i kommunen, jf. *Føresegner for vatn- og kloakkaogifter i kommunen*. I tråd med sanitærreglementet for Vinje kommune gjer ein utbygger særskilt merksam på tekniske føresegner med krav om minsteavstand frå nybygg til VA-leidningar på 4 meter, samt kravet til overhøgde på minimum 90 cm frå botnsluk til samleidning. Før tilkopling til både offentlege og private vatn- og avlaupsanlegg **skal** ein varsle avdeling for Teknisk drift og vedlikehald i Vinje kommune.
Der kommunen har eige overvassanlegg, skal ein knyte seg til dette. Forsvarleg handtering av overvatn er tiltakshavars ansvar.
- 3.7 Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.
- 3.8 Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.
- 3.9 Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ:

Lokal godkjenning av føretak:

Løyve til tiltak – BYA større enn 80 m² : 25.190,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 139,9 m²/ 90,7 m².

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2018) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.

3.10 Areal ein skal rekna tilknytingsavgift for: BRA = 139,9 m²

Orientering om renovasjonsordning og årlege kommunale avgifter vert ettersendt.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i pbl. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.